

# Innkalling til

## Ekstraordinært årsmøte i Kjeldsund

Tid: 1. juni 2026  
Kl.: 18.00  
Stad: Kjeldsund og på Teams  
Registrering: Kjeldsund/Teams frå kl. 17.45

Dagsorden:	Sak EOÅ-01/26	Godkjenning av innkalling
	Sak EOÅ-02/26	Godkjenning av sakliste
	Sak EOÅ-03/26	Val av møteleiar
	Sak EOÅ-04/26	Val av referent
	Sak EOÅ-05/26	Val av 2 representantar til å signere protokollen
	Sak EOÅ-06/26	Val av 2 personar til teljekorps
	Sak EOÅ-07/26	Revidering av Vedtekter for Kjeldsund

### **Sak EOÅ-07/26 Revidering av vedtekter for Kjeldsund**

Bakgrunn for saka er manglande samanheng mellom vedtektene og styret sin intensjon om kven som skal ha signaturrett på vegne av Kjeldsund. Det vert også føreslått mindre justeringar i innleiinga, formål, innkalling til årsmøte, dagsorden og styrets oppgåver, i tillegg til at det er gjort språklege utbetringar og at vedtektene er omsett til nynorsk.

#### Innleiing:

Det vert føreslått å endre innleiinga til «Vedtekter for Kjeldsund». Endringa vert føreslått for å skape eit eintydig namn og som er likt det formelle foreiningsnamnet i Brønnøysundregisteret. Endringa har ingen påverknad på innhald og målsetningar for Kjeldsund sitt arbeid, då dette vert regulert gjennom strategiar og årlege planar.

#### § 2 Formål:

Det vert føreslått å endre pkt. 2 til å «bidra til å realisere måla til Det Norske Misjonsselskap (NMS) og NMS U». Endringa vert føreslått fordi Kjeldsund er ei sjølvstendig foreining som berre kan bidra til å realisere ein annan organisasjon sine mål, ikkje å ta ansvar for å realisere dei direkte.

#### § 8 Årsmøte:

Det vert føreslått å endre §8 Årsmøte til at:

- Både innkalling og sakspapir skal vere tilgjengelege 14 dagar før årsmøtet. Endringa vert føreslått for å gje medlemene meir tid til å førebu seg til årsmøtet. Det er likevel rom for å kome med framlegg inntil 10dagar før årsmøtet, ref. tredje avsnitt i § 8 Årsmøte.
- «Innkalling skal skje gjennom kunngjering som er tilgjengeleg for alle medlemmer». Endringa vert føreslått for å tilpasse måten vi kommuniserer på i dag, og inneber i praksis at medlemene vert orientert gjennom foreininga sine medlemssystem, websider og sosiale medier.

I tillegg er det rydda i oppsettet og gjort språklege omskrivingar for betre oversikt.

**§ 10 Dagsorden på årsmøtet:**

Det vert føreslått nytt pkt. 3 om at årsmøtet skal «handsame styret sin handlingsplan og budsjett for det komande året». Endringa inneber at årsmøtet har reell moglegheit til å vere med å peike retning for mål og økonomi det komande året.

**§ 12 Styret:**

Styret skal (andre avsnitt):

Det vert føreslått nytt pkt. 5 «tilsetje dagleg leiar», og at styret skal halde møte (også) når «dagleg leiar ber om det»

Signatur (siste avsnitt):

I vedtektene står det at «Foreningen tegnes av styreleder og ett styremedlem i fellesskap», og i Brønnøysundregisteret står det «Daglig leder eller styrets leder hver for seg». Fordi vedtektene dannar grunnlaget for oppføringa i Brønnøysundregisteret, er det vedtektene som er gjeldande.

Kjeldsund sine vedtekter tek utgangspunkt i ein mal frå Norges Misjonsselskap, og er utforma med tanke på at leirstader kan drivast utan tilsette. Grunna at Kjeldsund har valt å ha dagleg leiar, og styret sin intensjon er at denne skal avlaste styrets medlemer i den daglege drifta, vurderer styret at vedtektene må endrast i tråd med intensjonen slik den er oppført i Brønnøysundregisteret.

Det vert føreslått at siste setning i § 12 Styret, vert endra til «Foreininga vert teikna av styreleiar og dagleg leiar kvar for seg».

*Saksunderlag:*

*- Vedtekter for Kjeldsund Leirsted*

*- Styret sitt framlegg til reviderte vedtekter for Kjeldsund*